

# PLANSKISSE FOR KLIMA, ENERGI, MILJØ OG NATURMANGFALDSPLAN

## 1 Innleiing

*For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, også på kommunalt og den enkelte innbyggjar sitt nivå.*

1

Planprosessen vil fokusere på korleis Solund skal lukkast med å løyse klimautfordringane, og skal munne ut i ein lokal plan for klima. Skal vi lukkast må vi inkludere klimaarbeidet i alt vi gjer. Å lukkast med klimautfordringane skal også bidra til at vi lukkast med andre omsyn, m.a. berekraftige næringsutvikling, naturmangfald, redusere klimarisiko, og bidra til gode levevilkår og god livskvalitet.

Planskissa og planprosessen legg seg tett opptil den regionale klimaplanen både i tema, prosess og framdrift.

### 1.1 KVIFOR GJER VI DETTE?

Kommunen skal utarbeide kommunale planar for tema som er fastsett i kommunal planstrategi. Kommunestyret vedtok i juni 2020 kommuneplanen som samfunnsdel, der det står at Solund kommune som klimaplan skal reviderast og at kunnskapsgrunnlaget til FN sitt klimapanel skal leggjast til grunn for arbeidet. Prosjektskissa er første steg i utarbeidinga av planen.

Tittelen på samfunnsdelen er «Vi skaper framtida i lag», og det står i planen at «Solund skal ha berekraft, god folkehelse og universell utforming som overordna prinsipp i planlegging og tankegang». Dette inneber at FN sine 17 berekraftmål er overordna og førande for samfunnsutviklinga. Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Høg måloppnåing innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Når ein ser måla i samanheng kan det derimot oppstå sterke synergieffektar. På kort sikt må vi prioritere innsatsen der utfordringane og moglegheitene er størst.

#### Mål i samfunnsdelen knytt til klima og berekraft

Bruk og vern av sjøareala:

Målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.

Bruk og vern av kystlandskapet:

Målet er å ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte.

Berekraftig arealbruk:

All arealbruk skal skje på lokalsamfunnet og naturen sine premisser.

Klimaomstilling:

Berekraft i høve klima og miljø skal vere eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund.

Solund kommune sin samfunnsdel 2020 - 2030

## 1.2 KVA YNSKJER VI Å OPPNÅ?

Kommunal klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Solund kommune for å nå målet om nullutsleppssamfunnet på sikt, og dette er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsending der vi både **reduserer klimagassutsleppa**, samtidig som vi **tilpassar** oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile Solundsamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar og kommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å nå måla.



Klimaendringane er også ein av dei største truslane mot **naturmangfaldet** i verda, då dei medfører endra levevilkår for dyr og planter, og påverkar samspelet i naturen. Andre store truslar mot naturmangfaldet er arealendringar, ureining, framande artar og overhausting. Sårbare artar og økosystem står i fare for å forsvinne, og dette påverkar livsgrunnlaget vårt.

Med utgangspunkt i dei tre hovudområda legg vi opp til denne tematiske inndelinga; redusere klimafotavtrykket

til Solund, fjerne direkte utslepp frå Solund, trygt og robust Solund, ivareta naturverdiane i Solund, klimarettferd og folkehelse, og klimarisiko. Dette vil vere ei noko annleis strukturering av ein klimaplan, i eit forsøk på å inkludere eit breiare tilnærming til klimaarbeidet, og sikre at fleire omsyn kjem på vektsskåla når ei skal fatte eit vedtak.

## 1.3. MÅL FOR PLANARBEIDET

- Planprosessen skal bringe fram kunnskap og vidareformidle denne til Solund-samfunnet.
- Gjennom planprosessen skal det utarbeidast tydelege strategiar og tiltak for å møte klimaendringane og ta betre vare på naturmangfaldet, i ein aktiv og levande kommune.
- Klima- og naturmangfaldplanen skal bidra til eit meir heilheitlig kunnskapsgrunnlag for klima- og naturmangfaldet i kommunen.
- Klima- og naturmangfaldplanen skal vere eit grunnlag i arbeidet med neste revidering av Solund kommune sin samfunnsdel og arealdel.

## 2. Plantema

Denne planskissa føreslår følgjande inndeling og hierarki ved utarbeiding planen, og vert skildra i avsnitta under:

Samfunnsplanen		«Vi skaper framtida i lag»	
<b>Oppdrag frå samfunnsplanen</b>	Bruk og vern av sjøareala og kystlandskapet Klimaomstilling. Berekraftig arealbruk.		
<b>Hovudområde i klimaplanen</b>	Utsleppsreduksjon	Klimatilpassing	Naturmangfald

<b>Plantema</b>	Redusere klimafotavtrykket	Fjerne direkte utslepp	Trygt og robust Solund	Klimarettferd og folkehelse	Ivareta naturverdiane i Solund
-----------------	----------------------------	------------------------	------------------------	-----------------------------	--------------------------------

## 3. Planstruktur

Planen vil inkludere generelle utviklingstrekk og trendar innan relevante område knytt til arbeidet med klimaomstilling. Dette vil vere utgangspunktet for å prioritere hovudutfordringar og å definere målformuleringane.

4

### 3.1 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG UTVIKLINGSTREKK

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget skal kort omtale status og vise utviklingstrekk innan dei prioriterte områda, og danne grunnlaget for det vidare arbeidet.

### 3.2 MÅLSTRUKTUR

Det vil bli utarbeidd eit hovudmål som skal gjelde for heile planen. For kvart plantema vil det utarbeidast overordna temamål, med tilhøyrande delmål og tiltaksplan. Måla skal bygge opp under dei overordna måla i samfunnsdelen.

### 3.3 HANDLINGSPROGRAM OG KOPLING TIL ØKONOMIPLAN

Planen skal ha eit handlingsprogram som gir ein heilskapleg oversikt over korleis planen skal gjennomførast. Eit handlingsprogram kan innehalde tiltak som både kommunen og eksterne aktørar har ansvar for.

For å kunne vurdere måloppnåing er det ønskeleg med gode måtar å måle utviklinga på over tid. Her vil det vere aktuelt å byggje vidare på indikatorar nemnt i stortingsmeldinga *Mål med mening*, for å gå i djupna i det som gjeld tema i klimaplanen.

Konkrete tiltak skal inngå i planen sitt handlingsprogram. Handlingsprogrammet vil innehalde ei overordna og strategisk del som gjer greie for prioriterte innsatsområde, og i dette må det bli utvikla prinsipp for prioritering av tiltak. I prioriteringa av tiltak må ein vurdere både kostnad og nytte, og eventuelle effektar på andre samfunnsområde. Basert på dette skal handlingsprogrammet også ha ein konkret tiltaksdel som vil bli lagt til grunn for årlege budsjettprosessar. Ein skal årleg vurdere behovet for revisjon av handlingsprogrammet, for å tilpasse årlege tiltak til naudsynt utsleppsreduksjon.

## 4. Medverknad

Kommunen har ansvar for legge til rette for ein god medverknadsprosess, og vi skal sikre størst mogeleg offentleg og reell medverknad i planprosessen. Medverknad i planlegging (pbl. § 5-1) er viktig for å sikre forankring, belyse utfordringane på breiast mogeleg måte, samt at ein i fellesskap kan einast om både utfordringane og løysingane. Ein regional plan for klima vil krevje ein brei medverknadsprosess, som sikrar at flest mogeleg har høve til å komme med innspel, og at desse vert vurdert og eventuelt innarbeidd i planen.

Born og unge – framtidens “nullutslippsgenerasjon” og dei som må leve med konsekvensane av dagens klimainnsats, vil bli spesielt prioritert i medverknadsprosessen. Dei er samstundes dei som kan seie noko om korleis ungdomslivet i framtida vil vere.

Heile samfunnet skal klimaomstille seg, og vi vil ha ein brei medverknadsprosess. Dette skal skje gjennom organisering av arbeidet, skissert i eige avsnitt (6), samt gjennom ulike måtar for medverknad. Det er naudsynt å sjå på utfordringane og løysingane med ulike «briller» Dei vi spesielt ynskjer å invitere inn i arbeidet er:

- Næringslivet - sit på mange av løysingane, og har ei viktig rolle i det grønne skrifte
- Nytte etablerte partnerskap, møteplassar og nettverk – for å vidareutvikle gode samarbeid og partnerskap.
- Landbruksorganisasjonar, andre interesseorganisasjonar
- Offentlege myndigheiter og organ
- Lokale organisasjonar – mykje viktig arbeid skjer gjennom lokal aktivitet
- Innbyggjarane - då det er dei vi planlegg for
- Andre relevante.

Av aktivitetar som er aktuelle å gjennomføre er:

- Workshops
- Bruk av eksisterande møteplassar/ møter; Kva skjer, sektormøter, torsdagslunsj, politiske møte, samrådingmøte, kontaktmøte, m.m.
- Digitale spørjeundersøkingar og digitale innspel
- Innspelsmøte
- “Book din medverknadsprosess” - opne opp for å delta på andre sine arrangement.

## 5. Framdriftsplan

Framdrifta i planprosessen legg opp til ein rask prosess for å sikre rask framdrift i arbeidet, for å kunne komme raskt i gang med det praktiske berekraftarbeidet. Dette inneber at det skal utarbeidast ein klimaplan som er ein temaplan. Det vert ikkje lagt opp til høyring på planskissa, men det vert lagt opp ein brei medverknadsprosess både medan planframlegget vert utarbeida og i høyringsfasen. Det er planlagt vedtak i desember 2022.

6

Framdriftsplan				
Fase	Prosess	Tidspunkt	Medverknad	Vedtak
1	Utgreiingar og kunnskapsgrunnlag	Februar – april 22	Kommunestyret (orientering/ arbeidsmøte) Formannskapet (arbeidsmøte) ALT (arbeidsmøte) Referansegruppe (arbeidsmøte)	
2	Utarbeiding av planframlegg	Mai 22 – August 22	Formannskapet (arbeidsmøte) ALT (arbeidsmøte) Referansegruppe (arbeidsmøte)	
3	Høyring og offentleg ettersyn	Oktober 22	Referansegruppe (folkemøte)	
4	Vedtaksfase fram til kommunestyremøte	November 22 – Desember 22	Kommunestyret (vedtak) Formannskapet (arbeidsmøte) ALT (arbeidsmøte)	Desember 2022
5	Gjennomføring	Januar 22 →	Alle deltakarar i Solund-samfunnet	

## 6. Organisering av planprosessen

For å styrke både det faglege innhaldet og forankringa av planen er det viktig med brei deltaking. Vi ønskjer å engasjera både internt i eigen organisasjon, Solund-samfunnet generelt. Vi vil nytte råd og formannskapet, og ALT, for å sikre at den ferdige planen allereie er godt kjent, godt forankra og klar for å bli sett ut i live frå dag ein.

Grupper og organ	
Vedtaksorgan	Kommunestyret
Politisk styringsgruppe og prosessorgan	Formannskapet
Prosjektansvarleg	Administrasjonssjef
Prosjekteigar	Leiar samfunns- og næringsutvikling
Prosjektleiar	Rådgjevar samfunns- og næringsutvikling
Intern forankring	Administrasjonssjefen sit leiarteam (ALT)
Referansegruppe	Ungdomsråd, Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, barnerepresentant, sektorane i kommunen, regionale og statlege myndigheiter, lag og organisasjonar og næringsliv.
Arbeidsgruppe	Ansvar for å utarbeide planen. Samansett av prosjektleiar, ingeniør på plan og tekniske tenester og ???

## 7. Utgreiingsbehov

Det vert ikkje lagt opp til at det skal gjerast utgreiingar i prosessen med utarbeiding av planen. Dette kan kome som tiltak i handlingsplanen. I samband med at den regionale klimaplanen vert utarbeida for tida, så er det forventa at det vert gjort ein del utgreiingar som også kan hentast ut på kommunenivå. I tillegg finast det allereie mykje kunnskap hos ulike aktørar. Solund kommune har utarbeida ein arealrekneskap i samband med arealplanen som er på høyring.

Under syner vi kort noko av det aktuelle kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet. Dette er ikkje ei uttømmende liste og vil vidareutviklast i vidare planprosess.

- [St.meld 13 \(2020 – 2021\) Klimaplan for 2021 – 2030](#)
- [The future is now \(FN\)](#)
- [Klimakur 2030 – Klimatiltak – redusere utslepp – Miljødirektoratet](#)
- [KS – Mange bekker små – Grunnlag for prioriteringar neste 4 år – KS 2019](#)
- [Vestlandsscenarioene EY, rapport 2020](#)
- [Løsningen er naturbasert \(Miljødirektoratet/ Asplan Viak\)](#)
- [Klimarisiko i kommunene \(miljødirektoratet, Rapport M-1959, 2021\)](#)
- [Klima i Norge 2100 \(Norsk klimaservicesenter\)](#)
- [Klimaprofilar, Norsk klimaservicesenter](#)
- [Folkehelseoversikt Solund kommune 2021](#)
- [Global assesment rapport om biodiversity and ecosystem services \(IPBES\)](#)

Det må vurderast om det skal gjerast ei vurdering av konsekvensane for miljø og samfunn. Det vil seie å vurdere klimaplanen opp mot mål og prioriteringar i samfunnsdelen, for å finne målkonfliktar og den vurdere den heilskaplege berekrafta i planen.

## 8. Rammer for planarbeidet

Lista er ikkje uttømmende:

- Parisavtalen
- EU sin grønne giv (Green Deal)
- Aktiviteten og satsingsområda til EU, Noreg og reginoen
- Klimakur 203 Tiltak og virkemidler mot 2030
- Meld. St. 13 Klimaplan for 2021-2030
- Meld. St. 41 (2016-2017) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Lov om klimamål (klimaloven)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, og areal- og transportplanlegging
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Meld.St.16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken
- Meld. St. 45 (2016-2017) Avfall som ressurs -avfallspolitikk og sirkulær økonomi
- Meld. St 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt
- Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022-2033
- Meld. St. 25 (2015–2016) Kraft til endring — Energipolitikken mot 2030 (Energimeldinga)
- Meld. St. 33 (2012-2013) Klimatilpasning i Norge
- NOU 2018:17 Klimarisiko og norsk økonomi
- Ny felles klimaplan for Vestland (under arbeid)
- Solund kommune sin samfunnsdel